Planleggingsdag i barnehagen – ei investering i barna!

Vi ynskjer å løfte opp og synleggjere arbeidet som blir gjort i barnehagen, denne gongen spesielt gjennom dei dyrebare planleggingsdagane.

TILSETTE I NYGÅRD BARNEHAGE

Arbeidet som skjer i barnehagekvardagen spelar ei viktig rolle for barna gjennom livet. Spesielt for dei som treng det aller mest.

Usynleg for andre

Ofte kan arbeidet som skjer i barnehagen vere ganske «usynleg» for andre, ein kan ofte ikkje sjå alt det pedagogiske arbeidet, planlegginga og det emosjonelle engasjementet som ligg bak kvart einaste tiltak og kvar einaste aktivitet utan at vi som arbeider med dette seier noko om det.

Barnehagelærarar, fagarbeidarar og assistentar/pedagogiske medarbeidarar treng høg emosjonell intelligens, gode kommunikasjonsevner, utdanning, kjærleik, erfaring og ei djup forståing av barn si utvikling for å kunne gje barna den beste starten på livet.

Har stor samfunnsverdi

Samfunnsverdien av ein god barnehage er stor, større enn mange tenkjer. Det handlar om at vi er med på å forme framtida gjennom barna. Dei vaksne i barnehagen er rollemodellar som treng å vere gode på å gjenkjenne og kunne regulere eigne kjensler, og vite korleis tankar og åtferd vert påverka.

Vi har det viktigaste arbeidet i verda – å ta vare på dei små menneska i den mest sårbare og produktive alderen i livet. Borna er i

barnehagealder i ein fase der hjernen utviklar seg i rekordfart, der kvar oppleving, kvar relasjon, kvar dag formar dei. Det betyr at det vi gjer, har ringverknader langt utover dagens leik eller måltid. Her trengs vaksne som er påkobla – både med hjerne og hjarte – og som er motiverte og inspirerte til arbeidet i barnehagen.



Frå felles fagøkt for alle barnehagetilsette i Gloppen kommune i kultursalen på planleggingsdagen 15. august i år. Her med Johannes Finne frå Læringsmiljøsenteret i Stavanger, tema kring barnehagemiljø.

Avgjerande for kvaliteten

Ein viktig del av arbeidet i barnehagen skjer gjennom dei faglege planleggingsdagane som personalet har samla. Desse dagane er heilt avgjerande for kvaliteten i barnehagane.

Planleggingsdagar er dagar der dei tilsette i barnehagen får høve til å evaluere, planleggje, reflektere og vidareutvikle seg sjølve og arbeidet sitt. Det handlar om å ha felles mål og strategiar, sikre at alle i personalet er trygge på kvarandre og på dei verdiane dei formidlar til barna.

Det er lite tid til felles planlegging i ein travel barnehagekvardag, og derfor er desse dagane ekstra viktige. Dei gjer at personalet kan samarbeide tettare, dra lasset i lag, og finne felles løysingar som tener alle barna best mogleg. På desse dagane blir det lagt stor vekt på fagleg innhald, etisk refleksjon og dialog. Dette styrkar heile personalet, og gjev inspirasjon og motivasjon til vidare arbeid.

Heilt nødvendige

I barnehagen treng vi å vere rollemodellar. Vi skal lære bort empati, samarbeid, byggje sjølvkjensle – byggje resiliens, alt det som formar robuste, trygge menneske. For å gjere dette, må vi sjølve vere påkobla – ikkje berre med IQ, men også med EQ (emosjonell intelligens). Vi skal vere vaksne som ser barna, prøver å forstå dei og møte dei der dei er. Det krev trening, refleksjon, samt tid til å vere bevisste i vår rolle. Difor er desse planleggingsdagane ikkje berre «kjekke å ha», men heilt nødvendige.

Saman om mål og stategi

Kva er det som gjer ein barnehage fantastisk? Eller mindre god? Er det leikeapparata? Forsking viser at det viktigaste er samspelet og relasjonane. Det er korleis vi vaksne samarbeider, korleis vi snakkar saman, korleis vi byggjer eit fellesskap der alle føler seg verdsette og inkluderte, der alle er likeverdige og betyr noko. Det byggjer psykologisk tryggleik for små og store. Dette kjem ikkje av seg sjølv. Det krev bevisst arbeid, og det krev tid saman for å byggje tillit og forståing for kva vi driv med.

Om ikkje er faren stor for at vi bere driv med...



Vi treng felles mål og strategi – saman for alle barns beste. Personalet må arbeide med nulltoleranse mot mobbing til dømes, og ha ei felles forståing av dette. Veit vi kva nulltoleranse er og korleis den ser ut? Kva gjer vi for å arbeide best mogeleg for å oppnå eit trygt og godt barnehagemiljø for alle barn?

Å gje kvarandre tilbakemelding

Planleggingsdagane er reint samfunnsøkonomisk gull – her byggjer vi «kollektivt geni», teamet som saman arbeider for barns beste kvar einaste dag. For å få til alt dette, treng vi òg å vere trygge på kvarandre og tilbakemeldingskulturen må vere god for å få til endring og utvikling i eit samfunn som stadig endrar seg.

Å systematisk gje kvarandre tilbakemelding er eit eige fagfelt og ein kunst som stadig må trenast på, dette driv oss vidare i utvikling. Det er eit verdigrunnlag å stå på som forpliktar oss på å styrke kvarandre ved kvart møte. Dette trenar og øver vi på. Vi treng desse verdifulle planleggingsdagane.

Samarbeid i kommunen – å dra lasset saman

I alle barnehagar er dette viktig. Vi er del av noko større – saman med dei aller viktigaste – heimane. Vi står saman i kommunen vår, i samfunnet. Vi er fleire som dreg lasset saman, vi må spele på same lag, mot same gode mål.

Vi rettar takk til kommunalsjef for oppvekst og til rådgjevar oppvekst som ser verdien i desse dagane, og som legg til rette for at vi stadig kan få fagleg påfyll, reflektere etisk og hente motivasjon og inspirasjon.

Eit sterkt samarbeid med kommunen og regionen er heilt sentralt. Kommunalsjefen og andre kommunale leiarar er med på å løfte og verdsetje arbeidet som blir gjort i barnehagane. Dei legg til rette for at barnehage og skule har høg fagleg kvalitet og at dei tilsette har føresetnad for å gje barna ein trygg og god oppvekst. Det er viktig å forstå at godt arbeid i barnehagen ikkje berre er til barnas beste her og no, men til familien og samfunnet sitt beste.

Fagkonferanse i Loen i oktober

Dette er dagar som gjev god avkasting, så la oss feire planleggingsdagane og snakke høgt om innhaldet i dei.

Sist vi hadde planleggingsdagar i Nygård barnehage hadde vi to dagar kursing av sjølvaste Jan Spurkeland, ekspert på relasjonsledelse. Med øvingar og fokus på kommunikasjon og tilbakemeldingar fekk vi tid til verdifull fagleg og praktisk læring saman.

På planleggingsdagane 7. og 8. oktober i år møtest ca. 400 barnehagetilsette i Nordfjord-regionen til felles fagkonferanse i Loen, der dyktige føredragshaldarar kjem og gjev oss kollektivt påfyll, som vi alle deretter tek med til den enkelte barnehage og arbeider vidare med. Slik sikrar vi kontinuerleg utvikling og læring i barnehage-organisasjonane, alltid med barns beste i fokus.



«Eit yrke som set spor».

Barna fortener det beste

Styrarar, pedagogiske leiarar, barnehagelærarar, fagarbeidarar, pedagogiske medarbeidarar/assistentar er bevisst arbeidet dei gjer kvar dag. Vi ynskjer å arbeide for rekruttering til yrket og å bidra til både anerkjenning, status og løn i dette meiningsfulle arbeidet som treng å bli valt av fleire framover. Samfunnet treng mange nye studentar til barnehagelærarutdanningane, og barnehagane treng dyktige vaksne i alle sine stillingar og roller. Borna kjem kvar dag, og dei fortener det beste vi kan gje dei.

Vi er glade for å løfte opp og anerkjenne dette.

Helsing audmjuke og stolte barnehagetilsette i Nygård barnehage